Sak 2: Konstituering

Vedlegg 1.

Møtereglement

1. Lokallagsleiar opnar møtet og møteleiar leiar møtet.
2. Alle medlemmer av lokallaget som har meldt seg på innan fristen, har tale- og stemmerett på årsmøtet. Ein representant frå fylkesstyret har talerett.
3. Årsmøtedeltakarane som ønskjer ordet, gir melding om dette
4. Taletida er avgrensa til to minutt, replikkar til eitt minutt. Saksinnleiaren og medlemmer frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gje saksopplysingar.
5. Møteleiar og deltakarar kan komme med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek vert sett. Slike forslag skal straks takast opp til avstemming.
6. Årsmøtedeltakarane som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.
7. Forslag i saker skal leverast skriftleg av den som fremmar forslaget.
8. Alle forslag skal vere levert og kunngjort før strek vert sett.
9. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at strek er sett.
10. Forslag vert vedtekne dersom det er fleire stemmer for enn mot. Ved likt tal stemmer, vert avstemminga avgjort ved loddtrekning. Likt tal stemmer ved personval er regulert i pkt. 1.6 Valreglement-generelt om vala.

Valreglement :

1. Generelt om vala

Vala gjeld for årsmøteperioden 01.08.2022 - 31.07.2024, så sant ikkje anna ordning blir vedteken på årsmøtet før vala. Alle val skal vere skriftlege. Ordstyrar kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open røysting, dersom det er eit samrøystes framlegg frå valkomiteen, og ingen andre framlegg ligg føre. Det kan ikkje røystast på andre enn dei kandidatane det er kome framlegg om. Røystesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta.

Kandidatar som det er fremja forslag på, er:
1. Forslag frå valkomiteen/lokallagsstyret
2. Kandidatar som det er kome framlegg om ved benkeforslag.

Blank røystesetel blir rekna som gjeven røyst.

Valkomiteen kjem med framlegg om kandidatar til alle verv, med unntak av ny valkomité. Desse er det styret som foreslår.

2. Val i plenum.

2.1. Val av leiar
Den kandidaten som får minst ½ av stemmene, er vald. Om ingen av kandidatane får ½ av stemmene, skal det haldast omval. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lavast stemmetal ut. Nytt val blir halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet vert fylgd til berre to kandidatar står att.

2.2. Val av nestleiar
Same valreglar som for leiar.

2.3. Medlemmer og Varamedlemmer til lokallagsstyret
Røystesetelen skal enten innehalde markering for at ein følgjer valkomiteen sin innstilling eller innehalde namn på like mange kandidatar som ein skal velje.

2.4. Val av tillitsvald etter Hovudavtalen (HTV)

Same valreglar som for leiar.

2.5. Valkomité

Valet vert gjennomført på same måte som for styret, jfr pkt 2.3

Alle val er normalt for to år, med verknad frå 1. august, dersom ikkje noko anna er presisert.